

# BOKN BYGDEBLAD

---

Nr. 10. - des. 1986 årg. 1

---

**GOD JUL og  
GODT NYTT ÅR!**



## Helsing frå ordføraren:

Når eg nå skal senda ei helsing til lesarane av Bygdebladet, vert eg påminna om kor tida går. Eg synes at eg nett sat her og skulle gjera det same til jule nummeret i fjor. So er det altså eit heilt år sidan.

Me er no inne i den mørkaste års tida, og med den lavtrykks-trafikken som har vore i haust og vinter, verkar vel denne årstida lengre og mørkare enn normalt. Men berre nokre dagar til no, så snur sola, og me kan sjå fram til våren og sumaren igjen.

Slik eg ser det, har det skjedd mange ting av betydning i Bokn i det siste året som gir grunn til å ta fram dei lyse fargane.

I byrjinga av året hadde kommune styret hovudplanen for fastlands sambandet oppe til handsaming. Det vart då fleirtal for å anbefala Alternativ nr. 1. Arsvågen lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Seinare har Vegdirektoratet stadfesta dette, og me ventar no på at detaljplanen skal verta ferdig og utsent til kommunen til høyring og til sist, endeleg vedtak.

Går arbeidet vidare greit, er planane at anleggsarbeida skal startast opp i juli-august 1987.

Frå Vegsjefen si side vert det også arbeidd med ei forsering av framdrifta, slik at heile anlegget kan stå ferdig eit år før det tidspunkt som var sett i den opprinnelege framdriftsplanen. Altså at heile anlegget kan stå ferdig i 1991. Det er god von om at dette vil gå i orden. Skal me vera optimistar, og seia at me køy rer landevegen når me skal kjøpa julegaver til jula 1991?

Arbeidet med Kombibygget går og så etter planen, og synes nå godt i terrenget. Avtalen med byggefirmaet er at huset skal vera ferdig 23. mai 1987, slik at oppstart av sjukestova vert frå 1. august. Me får berre vona at det kan skaffast midlar til denne

drifta. Det har nemnleg vore ein del fram og attende rå fylket si side. Slik stoda er no, ser det ut som det vil kunna lukkast å skaffa tilvegast desse midlane.

Havnearbeida som Kystverket har drive ved Knarholmen er avslutta no i haust. Det er her frå staten si side investert ca. 11,5 mill. kr., i tillegg har kommunen med tilskot frå stat og fylke lagt ned ganske mykje midlar i dette området, ved framføring av veg. Vidare skal det førast fram straum og vatn til havneområdet. Det er også innhenta tilbod på oppføring av ein allmenningskai.

Totalt sett er det ganske store beløp som er, og vert nedlagt her. Men det er vel og grunn til å tru at ny vekst og utvikling i dei næraste åra vil skje nettopp her. Det er jo tanken at dei investeringane som her er gjort, skal koma heile bygda til gode i form av nye arbeidsplasser.

I det siste har det dukka opp ei sak som er svært interessant for Bokn. Gasskraftverket som Statkraft og Statoil i samarbeid har tenkt lokalisert til Kårstøområdet.

Frå byrjan av såg det ut som at dette anlegget ville verta plassert inne på sjølve Kårstøterminalen. Dette vart ikkje godkjendt p.g.a. eksplosjonsfare og sikkerhetsbestemmelser.

Så vart Årvik lansert som ny lokalisering.

Bokn kommune gjekk då ut og peika på Ognøy, som med si plassering må vera eit ypperleg alternativ, og som alt er regulert til nettopp slike formål.

I møte med Statkraft og Olje- og energidepartementet har me nå fått bekrefta at Ognøy er med i det registreringsarbeidet som nå pågår som eit reelt alternativ.

Dersom Ognøy skulle verta valt som byggjestad, vil dette også utvilsamt få betydning for framdrifta av fastlandssambandet, med ytterlegare framskynding. Men det aller viktigaste med å få

eit slikt anlegg innan kommunen sine grenser er jo den økonomiske sida. Her er det snakk om eige domsskatt på 12 - 15 mill. kr. årleg. Det tilsvarar omtrent netto budsjettet for Bokn kommune i dag.

Kommunen er etter kvart vorten ein etter måten stor arbeidsgjevar, med ca. 45 tilsette, og eit lønsbudsjett på 9 mill. kr.

Nettopp arbeidsgjevarrolla er eit felt som til nå har vore lite påakta. Den administrative og politiske leiinga i kommunen har nett nå hatt ein gjennomgang av dette tema. Og det er tanken å arbeida fram ein plan for personalpolitikken. Målet er betre trivsel og miljø på arbeidsplassen og betre service for publikum.

Til slutt vil eg takka alle til sette i kommunen, samt politiske medarbeidarar for godt samarbeid gjennom året 1986, og ynskjer alle ei gledeleg jul og eit nytt godt år.

Helsing

Leif V.

## MANGE HØYRTE PÅ SVEIN MOLAUG

Bokn Folkeakademi er ikkje akkurat bortskjemt med at det er overfylt på arrangementa sine. Men av og til hender det at det er svært bra frammøte, t.d. den gongen då Kristian Trægde var her.

Slik var det også den 4. november då Svein Molaug kom til Bokn og kåserte over emnet "Vår gamle kystkultur". Ca. 50 tilhøyrarar hadde funne vegen til Musikkrommet på Bokn skule, slik at arrangørane måtte bera inn fleire stolar etter kvart som folk strøymde på.

Og det var sikkert ingen som angra på at dei tok fri frå fjernsynstolen ein kveld for å høyra på den pensjonerte direktøren frå sjøfartsmuseet.

Svein Molaug tok for seg grove trekk frå historia heilt frå 7-8000 år f. kr. då folk busette seg her, og dreiv jakt og fiske, og fram til i dag. Han kom inn på den store skilnaden i miljø i befolkninga langs kysten og hos dei som bur i innlands-Norge.

Det var sjøen som bandt saman. Skog og fjell stengte for samferdselen.

Svein Molaug var inne på inndeling av landet i skipreider, kor kvart skipreide skulle utstyra eit krigsskip. Vidare var det eit varslingsystem med veder(bål) 3-4 mil frå kvarandre, som vart brukt som varslingsystem. Dette varslingsystemet tok 4 døgn frå Gøteborg til Nordland.

Vidare var han inne på ein del gamle segn, m.a. det om fjell rekkja Dei Sju Søstre på Helgeland. Han viste mange fine lysbilder under foredraget. Me fekk sjå Europas eldste sjømerke, ein kross som står på Kvitsøy, 1000 år gamal. Han var også inne på dette med stor standsforskjell mellom folk i innlandet, medan det var eit anna lynne langs kysten. På sjøen var det den dyktigaste som vart mest verdsett.

Han viste også eksempler på korleis buformene var, sjøhusa og alt det andre som hadde nøyse samheng med næringsgrunnlaget som dei hadde på sjøen.

Til slutt var han inne på den situasjonen ein har i dag, kor miljøet ikkje er så ulikt frå kysten til innlandet, og kor mykje ser likt ut kor ein kjem i landet. Han meinte at ein måtte sikra kulturminnene. At ein måtte ha ein tradisjon å byggja på. Då vil ein få eit tidsperspektiv, og meining med tilværet. Ein burde vera meir kritisk til all den påverknaden ein i dag har t.d. gjennom fjernsyn, og heller byggja på dei kulturtradisjonane ein har frå før, og ikkje la dei bli fortregnde av alt det nye.

## PRESENTASJON AV LAG OG

### FORENINGAR I BOKN:

#### I DAG: HOGNALAND SUNDAGSSKULE

I 1934 byrja Sigvald Loden og Hallvard Gjertsen med søndagsskule på bedehuset. Jens Are (Mathiassen) kom og snart med i søndagsskularbeidet. Deretter vart Jens Vatnaland søndagsskulelærer, og det var han i ca. 15 år.

Det var ikkje så reint få ungar som gjekk på søndagsskulen. Skulle dei ha fest, måtte dei vera på skulen, for der var det betre plass. På søndagsskulen gjekk borna til dei byrja lesa for presten.

Etter Jens Vatnaland har både Aslaug Hognaland og Ingun Are vore leiarar.

På søndagsskulen nå er vi ca. 10 born i alderen 3 - 12 år. Vi syng mykje, har andakt og les frå ei bok. Vi har nettopp lese frå "Gud og jeg er venner". Kvar gong legg borna pengar på ei bøsse. Vi samlar inn pengar til Bangladesh - til landsbyskular for fattige born.

Det er ei stor teneste eg står i, tykkjer eg. Å fortelja borna om Jesus og visa dei vegen til himmelen, er det største av alt.

Eg skulle helsa dykk alle frå Jens Vatnaland med desse orda frå Bibelen: -Lær guten den veg han skal gå, så forlet han den ikkje når han blir gamal.- Ordspr. 22,6.

Helsing

Solveig Våga

#### OG: AUSTRE BOKN SUNDAGSSKULE

Ein er ikkje heilt sikker på når søndagsskulen på Austre Bokn tok til, men eldre folk kan fortelja at lærar Guttorm Trahaug samla born til søndagsmøter av og til etter oppmoding frå emisærar som reiste rundt og heldt møter i bygdene. Det må vera minst 55 år sidan.

Etter krigen var det Albert Øvrebø som tok over. Han heldt på i mange år, men det var og lange opphold innimellom.

Solveig Våga, Austre Bokn, tok arbeidet oppatt for nokre år sidan, og heldt på til Eli Kro tok over og nå driv arbeidet vidare.

Det er omlag 10 born som samlast til søndagsskule annakvar søndag kl.10.30. Ein nyttar seg av flanellograf til å illustrera bibelforteljingane. Borna likar elles godt å syngja, særleg når det er songar med bevegelse til.


Alle får eit frammøtekort, der det blir limt ein figur for kvar gong. I tillegg får dei eit fint lite kort med minneord på.

Alle borna får også kvar veke Barnas Søndagsblad som Norsk Søndagsskuleforbund gir ut. Ein gong for året får alle ein konvolutt som dei kan leggja ei pengegave i.

Siste møtet før jul er søndagsskulen saman med "Klubben". Då er det førjulsfest med utdeling av diplomar og små gaver til alle som har møtt til søndagsskule i året som gjekk.

Med helsing søndagsskulen på Austre Bokn

Eli Kro



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

tf. 748465




LESETIPS FOR  
JULEHELGA OG NYÅRET:

NYE  
bøker for barn:


- \* Henriksen, Vera:  
RUNEKORSET. 1986.
- \* Tunström, Göran:  
JULEORATORIET. 1986.
- \* Nkosi, Lewis:  
FUGLENS HJERTE. 1986.
- \* Moe, Ingvar:  
RUNDT SJÖEN. 1986.
- \* Rud, Nils Johan:  
SPINNEHJULET. 1986.
- \* Skagen, Fredrik:  
DÖDEN I CAPELULO: 1986.
- \* Kolstad, Arild:  
ALF HANSENS HJEMKOMST. 1986.

- \* Andersen, H, C:  
SNÖDRONNINGEN.
- \* Peterson, Hans:  
MALIN LEKER INDIANER.
- \* Rönningen, Björn:  
GOD BEDRING, PAPPA!  
HILS N JENNY PENNY.
- \* Kaldhol, Marit:  
FARVEL, RUNE!
- \* Sandberg, Liv:  
TO HUS TETT ITETT  
-OG VI SOM BOR HER-
- \* Tusvik, Marit:  
JORUNN OG JANFRID:



BIBLIOTEKET YNSKJER SMÅ OG STORE  
BIBLIOTEKVENER GOD JULEHELGA OG  
GODT NYTT ÅR! 5

## EN LITEN VANDRING I KOMBIBYGGET



Slik vil kombibygget ta seg ut fra sjøen.

Som alle kan se, troner nå kombi bygget majestetisk i utkanten av byggefeltet i Føresvik. Arkitekttonisk er det et flott bygg, og finere skal det bli når det til sommeren skal få brun tjærebeis, blå vindus- og dørkarmen og røde rekkverk. Landskapsarkitekten er i fullt arbeid med utearealene, det skal ikke bare bli vakkert inne, også området rundt bygget er viktig for helheten.

Bokn Bygdeblad var nysgjerrige på hvor langt en var kommet på bygget og hvordan en ligger an tidsmessig. Kommuneingeniør og byggeleder Hans Faye kunne fortelle at kalkylen på 15 millioner kroner ser ut til å holde, og at en regner med innflytting i første halvdel av juni.

Det er satt opp skillevegger i kontor- og sykehjemsdelen, og ventilasjonsrommet er ferdig.

Hovedinngangen til bygget vil være en gedigen vinterhage hvor de besøkende nok vil føle seg velkommen når lyset flommer inn gjennom de store glassflatene og med mye grønne planter.

Til venstre vil en finne bank og postkontor. Over disse vil det bli helsesenter og bibliotek. Helsesenteret skal bl.a. inneholde de skadestue, avkleddingsrom, hår

og fotpleie, kontor for lege og helsestasjon og venterom. Det blir også et personalrom her.

Til høyre for hovedinngangen i første etasje skal de kommunale og de andre offentlige kontorene ligge - 10 i alt i tillegg til ekspedisjon med sentralbord. Videre vil en finne ordførerkontor i tilknytning til kommunestyresalen, fjernarkiv og egne personalgarde-rober med dusj.

Tar en heisen opp, kommer en til sykehjemsavdelingen med 7 pasientrom, kjøkken, stue m.m.

Allrommet ligger i "midten" av bygget og skal blant annet fungere som kantine for alle ansatte.

En har også fått benyttet loftet på en utmerket måte! Her finner en ventilasjonsrommet i tillegg til et digert rom som kan fungere som møterom for ulike organisasjoner, eller kanskje det kan leies ut til private arrangementer? Når det står blir ferdiog, kommer det nok til å bli et særpreget rom med sitt skråtak, takvinduer og en artig kvist.

Vi ser fram til den dagen kombi bygget endelig står ferdig til bruk!

Men det skal vel ikke bli hetende kombibygget? Har noen tenkt på et godt navn?

## Personalpolitikk.

Bokn kommune på seminar.

Etter utspill fra administrasjonsutvalget, arrangerte Bokn kommune et seminar om personalpolitikk på Skånevik Hotell i tida 1.-3. desember.

En har lenge ønsket å få utviklet en personalpolitikk i kommunen, og målsettingen for denne politikk er å bedre arbeidsklimaet. Dette skal igjen medføre en bedre service for kommunens innbyggere.

Inviterte til seminaret var administrasjonsutvalget, formenn i hovedutvalgene og etatsjefene.

Foreleser på seminaret var personal sjef i Karmøy kommune, Jan Jonassen. Han har sin bakgrunn i Rasjonaliseringsdirektoratet, Utenriksdepartementet og 4 år i Karmøy kommune. Disse 4 årene har han brukt til å utvikle personalpolitikken og organisasjonsutviklingen i kommunen - en kommune som faktisk er blant de ledende i landet innen dette området. Seminaret er i hovedsak Jonassens verk, og er tidligere gjennomgått av Karmøy kommune, Fylkeskommunen og Strand kommune.

Rapporten fra seminaret er nå under arbeid, og skal videre danne grunnlaget for det videre arbeidet med personalpolitikken i Bokn kommune.

## AUKSJONEN

Bokn skulekorps er vel nøgd med resultatet av den årlege auksjonen som dei nyleg avvikla på Bokn skule. Netto resultat var kr. 13.000,-.

## MYKJE MINK!

Frå mai 1986 og til nå er det utbetalt skotpremie for 190 mink i Bokn. Dvs. kr. 9.500. (kr. 50,- pr. mink).

## BEDEHUS PÅ AUSTRE BOKN?

BLIR DEN GAMLE SKULEN PÅ  
AUSTRE BOKN FELLES BEDEHUS I BOKN?

Den 15. november hadde 16-17 kristelege lag og organisasjonar i Bokn eit fellesmøte kor dei drøfta spørsmålet om eit nytt bedehus i Bokn. Det var der semje om å søkja Bokn kommune om å få overta den gamle Austre Bokn skule til dette føremålet.

Bokn formannskap drøfta saka i møte den 18. november. Der gjorde dei følgjande vedtak:

1) Bokn formannskap stiller seg positiv til å overdra Austre Bokn skule vederlagsfritt til bedehus føremål.

2) Før saka blir tatt opp til handsaming i kommunestyret, vil ein be om at den instans/organisasjon som skal eiga og ha ansvar for drifta av bedehuset, legg fram eit forslag til statutter/vedtekter for bygget som viser at bygget vil kunna bli nytta av alle dei kristelege lag og organisasjonar som er representerte i kommunen. Formannskapet ville sett det som ønskjeleg at statuttene var så romslege at dei og ga rom for at lokala kunne leigast ut til andre føremål i kommunen, på lik måte som bedehuslokala fram til nå har vore nytta.

3) Ei vederlagsfri overdraging av skulehuset vil skje under forutsetnad av at bygget vert nytta til bedehusføremål.

Når framlegg til statutter /vedtekter ligg føre, vil saka koma opp att i dei kommunale organa.

Det er vel venteleg at huset vil bli brukt som ei "arbeidskyrkje" med mange og varierte aktivitetar?

# Fiskerihavna overlevert

Har kosta 11,5 mill. kr.

Den 20. november vart fiskerihavna ved Knarholmen offisielt overlevert til kommunen. Havna har kosta 11,5 mill. kroner, og det har tatt rundt 2 år å byggja den.

Representantar frå Kystverket, fiskarorganisasjonar, Bokn kommune, aviser og kringkasting var til stades ved overleveringa. Det var først ei omvising av anlegget, kor alle tilreisande og kommunen sine folk kunne sjå den ferdige havna.

Ordførar Leif Vatnaland sa at alle partar hadde grunn til å vera godt nøgde når dei såg det resultatet som nå ligg føre.

Utbygginga har også lagt grunnlag for ei vidare utvikling i dette området. Kommunen har kjøpt inn eit område med ca. 100 da. som det høyrer strandline til. Det vil bli eit aktuelt område for vidare utvikling når kyststamvegen om nokre år vil gå forbi, slik at kommunen då ser positivt på dei utviklingsmulighetene ein her kan få både til lands og til sjøs. Ordføraren takka Kystverket for eit framifrå godt samarbeid.

Kystverket har hatt 8 -9 mann i arbeid på dette prosjektet. Dei hevdar at havna er blitt ei ideell fiskerihavn. Kystverket har laga ein kai i havna. Det skal

vidare byggast meir i havneområdet. Det første blir eit anlegg for sløying og pakking av oppdrettsfisk. Det er vidare også andre planar for verksemd i området, men tida vil visa kva som blir realisert.

Kystverket var m.a. representert ved distriktssjef Odland, som ynskte kommunen lukke til med den nye havna. Han sa at Bokn nå hadde fått både god fiskerihavn og eit område i tilknytning til denne som venteleg ville gi ei god utvikling for Bokn i åra framover.

Det var også helsing og lukkeynskje frå representantar frå fiskerisjefen og fiskeristyret.

Arne Øvrebø sa at dette var eit resultat av godt samarbeid kor alle berørte partar stod samla om eit felles mål, derfor gjekk prosjektet så raskt fram til at ein alt nå kunne overta havna.

Det er lagt  $93000\text{m}^3$  stein i sjølve moloen.  $2500\text{m}^3$  er tatt opp av havnebassenget. Det er då først sprengt laust.

Det er Kystverket som i framtida vil ha vedlikehaldsutgiftene med fiskerihavna. Dette reknar ein med kan bli større beløp etter som tida går.

Havna vil venteleg bli liggjande i eit område som seinare vil bli eit knutepunkt for både land- og sjøbasert verksemd.



## NY FORMANN I BOKN IDRETTSLAG

Hans Faye blei vald til ny formann etter avtroppande Tor Kjell Foss. Med seg i styret fekk han Lindy Haram som nestformann. Vidare som styremedlemer: Inge Alvestad, Åse Vatnaland og Hans Ovidth. Varamedlemer: Stig Haram, Nils Bjørn Nilssen og Trine Grønnestad.

50 frammøtte fekk orientering om årsmelding og årsrekneskap. Den viste driftsutgifter på ca. kr. 50.000 og inntekter på kr. 67.000. Dvs. eit overskot på kr. 17.000.

Årsmøtet som var på Bokn skule den 28. november, bestemte vidare at årskontingenten skulle aukast med kr. 5,- til kr. 40,- pr. år. Tor Kjell Foss fekk takk for god innsats, og blei overrekt ei gave frå BIL. Smågutelaget i fotball fekk statuettar og diplomar som vinnarar av 3. divisjon i pulje 7 i 1986. Det blei også delt ut bestemannspremiar (pokalar) til deltakarar av klubbmesterskapet i friidrett.

## TILDELING AV TOMT

Geir Ognøy fekk i formannskapsak 95/86 tildelt tomt nr. 17 i byggefeltet i Alvestadkroken. Tildelinga skjer etter den pris og etter dei reglar kommunestyret tidlegare har vedteke.

## ÅRSMØTE I BOKN HAGELAG

Årsmøtet i Bokn Hagelag vart avvikla på Bokn skule den 27. november.

Av årsmelding og rekneskap gjekk det fram at hagelaget har kjøpt inn ei kompostkvern som medlemmene kan bruke. Neste mål er å kjøpe ein jordfresar til bruk for medlemmene.

Bente Husebø var til stades og laga jule- og adventsdekorasjonar.

Så var det val.

I det nye styret sit:

Reidun Grønnestad, Sigrunn Hole Hosaas (formann), Oliva Håland (kasserar), Målfrid Langhelle (sekr.), Per Nesvik (nestform.). Arne Ognøy og Eva Brunborg Svendsen held fram som styremedlemmer.

Bokn Hagelag fekk 9 nye medlemmer på årsmøtet, og har nå 50 husstandar i medlemsregisteret sitt.

Plan for 1987:

Februar: Emne: "Bygging av sitjeplass i hagen."

Mars: Emne: "Bygging av drivhus - drift."

April: Emne "Dyrking av sjeldne grønsaker og sommarblomar."

Mai: Emne: "Plantedyrking."

Sept: Tur.

Nov: Årsmøte og val. Bente Husebø kjem. Ho vil hjelpa med å laga advents og juldekor. til oss sjøl.

# PROLOG VED ADVENTSFEST PÅ BOKN SKULE 17.12.1978

Det har kome oppfordringar om å ha denne prologen i Bygdabladet nå før jul.



Så er me atter ein gong på fest,  
der Saniteten ber oss som gjest.  
Med tidlegare festar i minnet,  
me møter fram med forventning i  
sinnet.

Så gildt å møtast - å treffa kjende,  
og friska oppatt dei gamle hende.  
Me kjenner til det - di meir livet  
lid,  
di meir me minnest den gamle tid.

Du hugsar nok, då du liten var,  
så ofte du spurde mor og far:  
Kva tid kjem jula, eg ventar så,  
det er vel ikkje så lenge nå?  
Kva, er det ennå ei veke igjen,  
hjelp oss, koss skal det bli ende  
på den?

Ho mor tok til å bli lei av gnålet,  
det var ikkje fritt ho var kvass  
i målet:  
Kan du ingenting finna på, så du  
kan få tida til å gå.  
Eg skal verkeleg seia deg, dagane  
blir 'kje lange for meg.  
For her er hundre ting å gjera,  
det skal du og ein gong få læra.  
Lefsa skal bakast, og sylta skal  
lagast,  
kjøkken skal vaskast, og veden  
skal sagast.  
Reint skal det bli, i kvar einaste  
krå,  
sjøl i dei kroker der ingen kan sjå.  
Ein skal ha kjole - ein buksa og vest,  
for tredjedag er det juletefest.  
Kva tid skal far henta juletre?

Får eg bli med?

Ja, du kan nå visst det, men  
fyrst må han far til byen og  
kjøpa skor, de har vakse frå  
dei de fekk i fjor.

Så kom då afta med høgtidsstund,  
og songen lydde frå barnemunn:  
"Et barn er født i Betlehem,  
thi gleder seg Jerusalem."  
"Deilig er den himmel blå", dei  
samlast om treet, store og små.  
Lukkeleg den som hjarta vende,  
med takk til han som Frelsaren  
sende.

Men åra dei går - og tida ho lid,  
snart var det du som fekk lita  
tid.

Om med ditt eige du fekk å gjera,  
eller fekk tenar for andre vera,  
du hadde kvart år di julestrid,  
ei velsigna travel tid.

Kanskje har du nå stridd det  
meste.

Livet er vel som for dei fleste.  
Tida har sikkert sett sine spor,  
ingen kan sorglaust leva på jord.  
Vel litt av barnet me kunne læra,  
om ikkje me kan så sutlaus vera.  
For barnetrua, den må me ha,  
om ikkje alltid me er like glad.

Snart ringjest jula inn på ny,  
og klokkene kallar i bygd og by.  
Og bodskapen lyder til opne sinn:  
"Ein frelsar er fødd."  
Er han din - og min?

## FYLKESMUSIKERNE I NORD-ROGALAND

Det var dessverre alt for få (8 stk.) som fikk oppleve den fine konserten fylkesmusikerne hadde i kirka den 7. november. Programmet var svært variert - fra barokk-musikk til norsk folkemusikk. Foruten sang benyttet musikerne seg av cello, obo, blokkfløyte og orgel. Litt uventet humor snek seg også inn da en orgeltone hengte seg opp under en melodi.

Torill S. Sæbø, Dagmar og Arild Halvorsen og Stein Johannes Kolnes gav oss en god og varm musikkalsk time den kvelden, og det er å håpe at flere stiller opp neste gang de kommer!

## BOKN MOT DOUNREAY

Samrøystes vedtak i Bokn kommunestyre den 5. des. 1986:

-Bokn kommunestyre vil på det sterkaste protestera mot det påtenkte gjenvinningsanlegget for atomanlegg i Dounreay i Nord-Skottland.

Ein meiner at viss dette skulle koma i drift, vil det representera ein potensiell fare generelt, og spesielt for Shetland, Orknøyane og Vest-Norge.

Bokn kommunestyre vil også gi uforbeholden støtte til den aksjonen som pågår under navnet "Norge mot Dounreay"-.

Vedtaket er identisk med Sigurd Johnny Svendsen sitt framlegg som vart vedteke i formannskapet den 18. november.

## GANG- OG SYKKELSTI ALVESTADKROKEN - FØRESVIK?

Arne Hosaas la den 14. oktober fram ei sak i skulestyret kor han peika på behovet for gang- og sykkelsti mellom Alvestadkroken og Føresvik. Etter våre forhold er vegen sterkt trafikkert, samstundes som det er skuleveg for mange elevar. Vegen er smal, og i og med at store deler av vegstrekninga er rett, brukar mange stor fart. Behovet for gang- og sykkelsti er derfor klart til stades. Når utbygginga av fast landssambandet kjem i gang neste år, vil trafikken venteleg auka på denne strekninga, særleg av tungtransport.

Skulestyret gjorde vedtak der dei slutta seg til Hosaas sin omtale av situasjonen, kor det blei slått fast at behovet for gang- og sykkelsti på denne strekninga er klart til stades, og oppfordra formannskapet til å gå vidare med saka. Vedtaket var samrøystes.

## NY STILLING I TEKNISK ETAT

Bokn kommunestyre har vedteke å lysa ut ny stilling i teknisk etat frå 1. januar 1987. Stillinga skal utlysast som handverkar/fagarbeidar. Arbeidsbeskriving/arbeidsinstruks skal bestemast ut frå den tilsette sin kompetanse og dei behov det til ei kvar tid er.

# DANSEARRANGEMENT I KOMMUNALE LOKALE

## Problem å handheva vedtekne reglar

Med dette som utgangspunkt vart det arrangert eit felles møte mellom skulestyret, helse- og sosialstyret og kulturstyret den 27. november på Bokn skule.

Bakgrunnen for møtet var at ein i lengre tid har registrert at det har vore ei gradvis utgliding når det gjeld vedtekne reglar for bruk av dei kommunale lokala til dansearrangement.

I Grunnskulelova heiter det at på skular og i kombinerte anlegg for skule og andre føremål må det ikkje serverast alkohol eller ta kast med alkohol til nyting. I dei kommunale reglane heiter det at det både er forbudt å nyta alkohol og å vera synleg påverka av rusgifter.

Ein synest vel at det særleg er dette med "medbragt" ein må slå ned på. Det kan ikkje akseptast at alkohol blir konsumert inne i lokala, gangar eller toalett, og det er vel her ein kan setja inn betre kontroll. Dette gjeld både på skulen og på den gamle Kyrkje bygd skule. Mange av dei som er vakter kan kvia seg for å handheva reglane, og på den måten kan det over tid lett bli til at ei slappare form for kontroll her medfører at tilhøva gradvis forverrar seg. Det er mange som i det siste har sagt at det er lite triveleg å gå på dans når det

glid for mykje ut.

Dette har sjølsagt også eit mykje vidare perspektiv. Ut frå eit edru skapspolitisk synspunkt er det svært uheldig dersom ein får eit festmiljø kor det blir brukt store kvanta med alkohol, og at dette etter som åra går blir meir og meir akseptert. Det er også alvorleg at desse festane stort sett er det einaste alternativet dei heilt unge ungdomane har på laurdagskveldane. Det er ikkje berre lett å vera foreldre heller, når ein veit korleis dette festmiljøet er. Tross alt skal mange av festdeltakarane både i båt og bil etter at festen er slutt. Det er dermed ikkje berre snakk om vakter og politi når ein tek opp dette spørsmålet, men meir eit spørsmål om å sjå meir omfattande på dette med ungdom/vaksne/festmiljø, ja, oppvekstmiljø i vidaste forstand. Difor var det altså at fleire styre som skal ha ansvar for dette vart kalla inn til møte.

I styra var det semje om at ein fekk starta i ein ende, og då først sjå på dette med handheving av eksisterande reglar. Etter innleiing av skulesjef og helse- og sosialleiar, vart det etter ein lang debatt halde ei rådgjevande avstemning om ein skulle gå til vesentleg skjerping av gjeldande praksis når det gjeld handheving

av alkoholforbud. Dette vart ved teke mot ei røyst.

Fylgjande moment vart tekne opp for å betra tilhøva:

1) Det vert krav om sterkare handheving av gjeldande reglar om alkoholforbud, m.a. ved:

a) Folk som har med alkohol blir avvist i døra.

b) Synleg berusa personar blir avvist i døra.

c) Folk som lagar bråk må tilsnakast og utvisast om nødvendig.

d) All alkohol som kjem til syne inne i lokalet, på gang eller toalet skal beslagleggjast av vaktene og vil bli levert tilbake når arrangementet er slutt. Eventuelt kan ein få det med seg, men kjem då ikkje inn i lokalet igjen den kvelden.

e) For å letta kontrollen vil det bli vurdert om det skal vera garderobeplikt for yttertøy.

f) Då det er tydeleg at mange vakter kvir seg for å kontrollere naboar, slekt og vener, vil det bli vurdert å leiga inn vakter utanfrå med kommunal økonomisk støtte.

g) Kulturstyret, skulestyret og helse- og sosialstyret syner ansvaret for dansearrangement ved å stilla som vakt ein gong kvart år. Styra vil då halda seg orientert og ha tilsyn med at reglane blir fylgde.

2) Haldningsskapande tiltak vart tekne opp:

a) Foreldre og andre vaksne bør

gå føre med eit godt eksempel når dei er på slike arrangement.

b) ANT (alkohol/narkotika/tobakk) undervisninga på skulen er viktig og kan bli betre.

c) Born og unge bør læra å dansa m.a. ut frå den målsetting at den som kan dansa drikk mindre.

3) Informasjonstiltak

a) Til publikum

1) I Bokn Bygdeblad:

Om møtet og kva ein kom fram til, dvs. om innskjerpingstiltaka.

Kva som skjer når folk bryt reglar.

2) På oppslaga:

Presisering av alkoholforbudet.

b) Til brukarane, dvs. lag og organisasjonar m.v. som leiger lokale til dansetilstellingar:

Må få reglane skriftleg og informasjon om innstrammingstiltaka.

Informasjon om vakter pluss løyve om arrangementet frå lensmannen.

c) Vaktene må få informasjon og presisering av arbeidsoppgåvene sine

Når det gjeld arrangementa i diskoteklokalet, har ein i samråd med diskoteket sitt styre, og med lensmannskontoret, kome fram til at ein må ha sjeldnare arrangement, men fleire vakter. Ved å melda frå til lensmannskontoret og få godkjent vaktene, vil det vera alvorleg å setja seg opp mot desse.

Det var på møtet semje om at dans på laurdagskveldar er positive tiltak, dersom ein kan få betre tilhøve.

# ER BOKN BYGDEBLAD LIV LAGA?

Det første prøvenummeret av Bokn Bygdeblad kom ut i oktober 1985. Det vil seia at dette bladet som du nå held i handa er det 12. i rekkja. Ca. 170 sider med lokalstoff er utgitt på denne tida.

Så langt tykkjer me i redaksjonen at bladet har svart til dei forventningane me hadde då me starta. Ikkje stort, fint og dyrt, men såpass med lokale nyheter at det høyrest ut som at folk les bladet.

Bladet blir i dag sendt ut til alle husstandane i kommunen. Det vil seia ca. 260. I tillegg sender me ut ca. 50 ut av kommunen. Det er helst til utflytta boknarar, men også til aviser o.l.

Me i redaksjonen har fått mange positive reaksjonar på bladet. Det kan vel tolkast litt ulikt. Det treng ikkje bety at folk synes at bladet er så bra, men kanskje heller syner det at det er eit behov hos folk å få informasjon om det som skjer i lokalsamfunnet. Då er det ikkje sikkert at det er så heilt nøye korleis produktet ser ut. Likevel må det stillast visse krav til produktet for at det skal bli leseverdige.

Det er ynskjert vårt at dette informasjonsorganet har vore med på å skapa trivsel og samhald i kommunen i vidaste forstand. Det er vidare vesentleg at dei kommunale etatane får ut informasjon om det som skjer på dei kommunale sektorane.

I den spennande tida som Bokn nå går inn i, er det viktigare enn nokon gong at innbyggjarane blir informert om det som nå skal skje i åra framover.

Etter kvart har folk blitt meir flinke til å koma med aktuelt

stoff til bladet. Til å begynna med var det lite av dette, men det ser ut til at folk etter kvart reknar med Bygdebladet.

Det som dessverre har vist seg, er at dei som tok initiativet til å få utgitt bladet etter kvart har fått så mange oppgåver å arbeida med at det blir knapt med tid. Nye arbeidsoppgåver i helse- og sosial sektoren som planlegging av framtidig helse- og sosialomsorg (sjukeheim, helse- og sosialplan o.l.), og aukande oppgåver innan kultur sektoren, gjer at lite av arbeidet med bladet kan gjerast innafor arbeidstida. I periodar er jo dette tilfelle innafor fleire kommunale etatar, men dersom slike ting blir varige fenomen, må ein avgjera om ein vil prioritera visse typer arbeid meir enn andre, og la resten liggja ugjort. Det blir vel derfor opp til dei styrande (politikarane) i kommunen om dei vil ha eit informasjonsorgan. Med noko meir skrivehjelp vil det nok la seg gjera å halda fram med avisa.

Det har då også nyleg kome positive signal om at Bygdebladet er tilgodesett i neste års budsjett slik at ein kan halda fram med å gi ut bladet.

Ein annan ting som ein vel må gjera noko med, er sjølve ansvars tilhøvet. Ein kan vel seia at det er kulturstyret som er ansvarleg for avisa, men det bør vel formelt fastsetjast klare reglar for dette.

Prøveperioden er altså ute. Ein får nå ta standpunkt til om ein vil ha bladet, og korleis dette skal organiserast. Det viser seg at det må noko meir ressurser til for å halda det gåande. Bladet må seiast å vera svært lite kostnadskreivande når det gjeld trykking. Det som kostar mest, er den tida som går til med å skriva, redigera og laga bladet klart til kopiering.

## MELDING TIL VÅRE UNGDOMSPASIENTER

FØDT I 1966 - 67 - 68 - 69 - 70.

Dersom dere ønsker tannbehandling i juleferien - kontakt oss snarest for timebestilling -

tlf. 85 04 04 - 74 85 23.

Behandlingen er gratis ut det året du fyller 18. Deretter 75% moderasjon ut det året du fyller 20 år.

Hilsen

Distriktstannklinikken.

---

## AVLØYSARLAGET

Hei bønder som ikkje er med i Bokn avløysarlag. Har de ikkje tenkt å bli med?

Avløysarlaget gjer alt papirarbeid som har med avløyning og anna leigearbeid vedrørende jordbruket GRATIS!

Vil de vera med - så gi underteikna beskjed før nyttår, slik at ein får alle med i budsjettet.

Helsing Bokn Avløysarlag

Sigmund Alvestad

Leiar.

## VI TRENGER STEMMEN DIN!

En mandagskveld i januar neste år blir kanskje BOKN BLANDAKOR født hvis DU melder deg på. Hvorfor skal bare badet få oppleve sangutfoldelsene dine?

Ta kontakt med Jardar.

På skolen: tlf. 74 84 54.

Privat: tlf. 74 84 02.

---

## HELGEARBEID?

Er du interessert i helgearbeid?

Ta kontakt med Avløysarlaget,  
tlf. 74 84 24.

---

## FOTPLEIE

Frå 1987 blir det fotpleie den 2. onsdagen i kvar mnd.

Første fotpleiedag blir då onsdag 14. januar.

Påmelding til sosialkontoret i tlf. 74 85 32 som vanleg.

---

## IKKJE TILSKOT TIL BOKN POLL?

Bokn Poll skal våren 1987 starte opp med produksjon av torsk, kveite og østers-yngel. I den samanheng vil dei ha behov for straumtilførsel til anlegget sitt i Kongshavn. Totalt vil denne straumtilførselsla kosta kr. 107.000,-.

På grunnlag av dette har Bokn Poll søkt Bokn kommune om eit økonomisk tilskot.

Rådmannen hadde i saksframlegget sitt gått inn for at kommunen skulle yta eit tilskot på kr. 25.000,-. Han grunnga dette med at det kunne karakteriserast som

eit pionerprosjekt, då oppdrett av desse fiskeslaga er svært lite utbredt, og at det derfor ville styrka oppdrettsmiljøet i Bokn. Frå sakkyndig hald er det nemleg kome uttale om at det må satsast på desse fiskeartene.

Kommunestyret ville det likevel annleis. Fleirtalet meinte at dette ville reknast som ei prinssipsak, slik at det ville bli vanskeleg å seia ja til denne søknaden utan å gjera det same med andre søknader seinare.

Saka vart demed vedtatt sendt tilbake til formannskapet.

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

## ARRANGEMENT RUNDT JUL

Bokn Sanitetsforening har Advents fest for eldre fredag 19. desember kl. 17.30 på Bokn skule.

Bokn Brass spelar julemusikk og har kakeutlodning på kaien i Føresvik laurdag den 20. desember om føremiddagen kl.10.00- 13.00.

Bokn Brass held adventskonsert søndag 21. desember kl. 16.00 på Bokn skule.

Frelsesarmeen held juletreffest på Bokn skule laurdag 27. desember kl. 17.00.

Diskoteket har ope 2. juledag og nyttårsafta.

Foreldrelaget for barnehagen og skulen har juletreffest søndag den 28. desember på Bokn skule.

Familiejuletreffest 2. juledag på Hognaland Bedehus.

### AUSTRE BOKN:

Klubben og søndagsskulen har fest for heile familien like før jul. Sjå oppslag.

Familiefesten vert halden på bede huset i romjula. Sjå oppslag.

Frelsesarmeen held juletreffest på Austre Bokn bedehus laurdag 27.des.

## TENK PÅ SKATTEN FOR 1986 NÅ!

Har du ordna med sparing med skattefrådrag?

Me set pris på om du tek kontakt med oss i god tid før nyttår. Då har me betre tid til å ta oss skikkeleg av kundene.

Har du ordna med fast overføring?

Ta likevel kontakt før nyttår, for å vera sikker på at alt er i orden.

KANSKJE DU OGSÅ SKULLE NYTTA DEG AV FORDELENE VED AKSJESPARING. BANKEN ORDNAR DET FOR DEG.

Med helsing frå oss i

SR-BANK Bokn

